



Til Hordaland fylkeskommune, samferdsel.

Høyringsinnspel frå Jondalstunnelen AS til regional transportplan Hordaland 2018-2029.
Sendt til: hfk@hfk.no

Jondalstunnelen AS sitt føremål er å betala ned bompengelånet teke opp i samband med bygginga av Jondalstunnelen. Jondalstunnelen opna for ein ny og rask veg mellom Odda og Bergen. Trafikken gjennom Jondalstunnelen har etter opninga i 2012 hatt ein stor trafikkauke, langt over det som er gjennomsnittet for Hordaland og lang over det som var prognosen for prosjektet. Slik det ser ut no kan Jondalstunnelen vera nedbetalt på halve bompengetida.

Den store trafikken mellom Odda og Bergen via Jondalstunnelen og Folgefonntunnelen gjer det nødvendig at me ser på vegstandard og trafikktryggleik på Fv 107 mellom Nordrepollen og Austrepollen. Dette er ein utbetra anleggsveg med til dels låg standard og stykkevis rasutsett.

Styret for Jondalstunnelen AS har teke opp spørsmålet om å få bruka det auka bompengepotensiale i Jondalstunnelen til å få gjort parsellen Nordrepollen og Austrepollen trafikksikker og ber om at det vert teke inn i Regional transportplan Hordaland 2018-2029.

Vidare er det viktig for styret for Jondalstunnelen AS å få understreka behovet for ei toferjeløysing på sambandet Jondal-Tørvikbygd. Trafikkutviklinga på dette sambandet er i ferd med å nå eit punkt der ei ferje ikkje greier ta unna utan lange ventetider. Dette er negativt for sambandet og vil få ein klart trafikkavvisande effekt.

Jondal 7. april 2017.

Toralv Mikkelsen

-styreleiar-

(sign)

John Skogseth

-dagl. leiar-

(sign)